

Prosjektskildring


# «Spelet om Marikollen»

10.-11. august 2024



## Innholdsfortegnelse

<b>Introduksjon</b> .....	<b>3</b>
<b>Spelet</b> .....	<b>3</b>
<i>Handling</i> .....	3
<i>Deltakarer på scena</i> .....	3
<i>Kvifor setje opp spelet igjen?</i> .....	4
<b>Formål</b> .....	<b>7</b>
<i>Sosialt formål</i> .....	7
Gjennomføring av sosialt formål.....	8
<i>Kulturelt formål</i> .....	8
Gjennomføring kulturelt formål.....	8
<i>Spelet i framtida</i> .....	9
<b>Marknadsføring og framsyning</b> .....	<b>10</b>
<i>Gjere oss synlege</i> .....	10
<b>Organisering</b> .....	<b>10</b>
<i>Struktur</i> .....	10
<i>Framdriftsplan</i> .....	10
<i>Økonomi</i> .....	11
Verdien av frivillig engasjement.....	11
Budsjett.....	12



## Introduksjon

«Spelet om Marikollen» er eit spelprosjekt om hoppbakken Marikollen på Viggja i Skaun kommune. Prosjektet er frivillig initiert og organisert, og hadde premiere 24. september 2022. No siktar vi på nye framsyningar august 2024!

## Spelet

### Handling

Temaet i spelet er historia om Marikollen, hoppbakken som var i drift på Viggja 1927-1957. Dette var ein av dei største hoppbakkane i Noreg i si tid, og det er skildra tusenvis av tilreisande og enorm dugnadsinnsats i bygda under dei mange renna som vart gjennomført. Dette dannar bakteppet for eit drama som vert sett til midten av 1950-talet. Sjølve dramaet er fiksjon, men inspirert av både sanne historier, konkrete episodar og gamle rykte.

Spelet handlar om Mari, ei ung jente med ein stor draum; ho vil hoppe på ski. Dette er sjølv sagt ikkje mogleg, jenter får nemleg ikkje hoppe på ski og i alle fall ikkje i Marikollen! (Mange fortel om hopparar som trekte seg frå renn når dei fekk sjå kor bratt bakken var.) Ramma rundt handlinga eit renn i Marikollen, og bygda står på hovudet for å få gjennomført arrangementet. Ved hjelp av list og mot lurar Mari seg med på deltakarlista for rennet, men ikkje alt går som planlagt, og ho møter på fleire uventa hindringar på vegen mot hoppkanten.

### Deltakarar på scena

Det er rundt 20 roller med replikkar i stykket. Sidan handlinga er lagt til eit hopparrangement, er det likevel plass til mange statistar, og vi går breitt ut for å få med så mange barn og unge som mogleg. Hopprenna på 50-talet var ein folkefest, og vi ønskjer at scenebiletet skal representere dette. Det er òg viktig for oss at barn og unge får moglegheita til å delta på eit så stort og kreativt prosjekt. Spelet vil i hovudsak basere seg på amatørskodespelarar. For å heve det kunstnariske nivået er skodespelar Maja Aspås Teialeret hyra inn i rolla som Mari. Maja er ein god formidlar med ei vakker songstemme. Ho er òg både manusforfattar og musikar, i tillegg til ein enorm ressurs opp mot amatørskodespelarane. Difor er vi veldig glade for at ho ønskjer å vere med igjen.

I år skal vi ha særleg fokus på å løfte det musikalske nivået i spelet. Vi har fått med oss musikar Kristian Raanes som musikalsk leiar. Han er ein habil instrumentalist og vokalist, og vil òg lage noko ny musikk til spelet. I tillegg arbeider vi med på å få på plass eit nytt prosjektkor, som vil vere Kristian sitt ansvar.

Kvifor setje opp spelet igjen?

Då vi sette opp spelet i 2022, var det tenkt som eit enkeltstående arrangement. Vi hadde ingen forventningar til ei gjentaking, fokuset var på å få til noko for folk i bygda som tok vare på historia og løfta folk ut av «dvala» etter at alt hadde vore stengd som følgje av koronapandemien. Den enormt positive responsen vi fekk gjorde likevel at vi SJØLVSAGT må gjere dette på nytt!

Spelet har vist seg å vere veldig viktig for lokalsamfunnet. Interesse for hoppbakken Marikollen på Viggja har auka dei siste åra, som det no både har vorte spel og bok om. Viggja er ei veldig lita bygd, og det å kunne vise til historie av nasjonal tyding for hoppporten og idrettshistoria er spesielt. Kombinasjonen av tematikken i spelet og måten spelproduksjonen vart gjennomført på førte til at Foreininga Spelet om Marikollen, saman med Viggja Idrettslag, fekk Skaun kommune sin kulturpris for 2022. Det seier noko om at spelet ikkje berre er viktig for den vesle bygda i seg sjølv, men har ringverknadar i heile kommunen. Avisa Sør-Trøndelag ga strålende tilbakemeldingar etter premieren, og både framsyningane var heilt utselde.

I april 2023 skulle H.M. Kongen besøke Skaun kommune. I samband med besøket fekk vi spørsmål frå kommunen om å vise eit utdrag frå nettopp «Spelet om Marikollen». Skaun kommune har mykje god kunst og kulturuttrykk å trekkje fram, så det å få denne førespurnaden var veldig stort. Diverre vart kongebesøket avlyst, men spelet fekk mykje merksemd i media og vi veit no at vi har stor tyding for Skaun kommune. No er det stadfesta at det vert kongebesøk i april 2024, og vi har på nytt fått spørsmålet om å vise eit utdrag frå spelet. Dette har vi sjølv sagt ja til!

“Ein gong hadde vi ein stor hoppbakke her på Viggja” er det einaste mange unge veks opp med å vite om Marikollen i dag. Det vert stadig færre tidsvitne, men dei finst framleis. Meritter og namnelister kan ein sjølvsgt grave fram frå støvete protokollar og avisutklipp, men dette spelet tar for seg meir enn det. Korleis var det å bu på Viggja, når bygda ein gong i året vart som ein liten by og sentrum for noko av datidas viktigaste arrangement? Kva gjorde bygdefolket for at arrangementet skulle gå rundt? I dei gamle protokollane står det fint lite om alle kvinnfolka som vaska og baka og redde senger til hopparar og publikummarar som kom reisande til bygda. «Spelet om Marikollen» viser fram desse historiene, minna og rykte, og sørger for at så mange som mogleg får glede av dei.

Dramaet handlar dessutan om ei kvinne som ikkje får lov til å hoppe på ski, noko som gjer spelet svært dagsaktuelt. Vi er langt ifrå der at kvinner og menn har like rettar og moglegheiter, sjølv om kalenderen viser 2024.



## Publikum

Målgruppa for spelet er folk med tilknytning til, eller interesse for, Marikollen, Viggja, hopp og/eller teater. Spelet skal vere til glede for både unge og gamle, kjente og ukjente. Til premieren i 2022 inviterte vi dessutan tidlegare hopparar som faktisk har hoppa i Marikollen i si tid. Det vil vi gjerne gjere igjen. Vi ordnar skyss til dei som ikkje kan kome seg frå parkeringa og bort til arenaen, og arenaen har sjølvstøtt plass til rullestolbrukarar.

Vi planlegg 2 framсыningar med plass til 380 publikummarar på kvar framсыning.



## Formål

Denne produksjonen har to hovudformål; eit *sosialt* formål og eit *kulturelt* formål.

### Sosialt formål

På Viggja bur det i dag rundt 500 menneske, og som i bygder flest har «alle kjent alle» i fleire tiår. No opplever bygda eit generasjonsskifte, i kombinasjon med at fleire og fleire lever liva sine innafor “husets fire veggar”. Det er framleis fleire sosiale møtestadar gjennom året, både i samfunnshus og skihytte, og knytt til skule og barnehage. Likevel er fleire og fleire av innbyggjarane ukjende for kvarandre. Vi har etter koronapandemien vorte glade i heimane våre, og folk er generelt mindre aktive ute i samfunnet enn dei var for nokre år tilbake.

Det sosiale formålet med denne produksjonen er difor å gi innbyggjarane i bygda moglegheita til å delta i eit aktivt og sosialt bygdeliv. Sidan hausten 2022 har «Spelet om Marikollen» vore eit heitt samtaletema i bygda, og mange er engasjerte rundt at spelet skal setjast opp att. Prosjektet skal denne runden òg fokusere på å vere opent og inkluderande, og målet er at så mange som mogleg i bygda får bidra med det dei vil og kan bidra med. På den måten vil prosjektet framleis leggje til rette for at folket i bygda får ein møtestad og eit felles prosjekt å engasjere seg i. Dette håpar vi vil føre til at fleire av innbyggjarane vert kjent med kvarandre, og at samhaldet i bygda vil vekse.

Vi skal òg denne runden samarbeide tett med dei andre laga og organisasjonane i bygda. Så langt veit vi at velforeininga stiller med øvingslokale, idrettslaget med spelarena og lagringsplass, bygdekvinnelaget med matservering under øvingar og motorsykelklubben er parkeringsvakter under framsyningane. Dette er berre starten på planlegginga, og vi veit at det er mange fleire som ønskjer å bidra til at spelet kan gjennomførast på nytt.

Når dette er sagt, viste det seg i 2022 at det var fleire *utanfor* bygda som òg var interessert i å stå på scena. Vi hadde aktørar frå både Skaun, Orkland og Trondheim, og til og med ein frå Sverige, på scena, og dei aller fleste har meldt seg til å vere med på neste runde. Dette viser at spelet var interessant for fleire enn Viggjabygg, OG at det var så fint å vere med på at folk

har lyst til å vere med på nytt. Vi har òg allereie fleire nye aktørar som har meldt seg, og vi gler oss til å verte kjent med alle saman.

#### Gjennomføring av sosialt formål

Eit viktig utgangspunkt for det sosiale formålet er høg grad av inkludering. Det er viktig for foreininga at både dei som var med i førre runde, og dei nye som har meldt seg til å vere med i 2024, føler seg like viktige. Det er òg viktig for oss at alle som ikkje står på scena, men som bidreg på anna måtar, kjenner at dei er viktige for produksjonen. Alle som er med, uansett på kva for måte, skal kjenne eigarskap til prosjektet. Dette skal ikkje verte ei «intern» gruppe, basert på dei som var med fyrste gongen. Vi skal arbeide aktivt for å synleggjere at vi er opne for alle.

#### Kulturelt formål

Det kulturelle formålet handlar om å ta vare på lokalhistoria, og å formidle ho på ein måte som både kan nå ut til flest mogleg og vere eit kulturelt bidrag i seg sjølv. Historiene om Marikollen er mange, men dei er iferd med å gå i gløymeboka. Bakken er rive, og dei som veks opp på Viggja i dag har få kjelder til kunnskap om han. Dei som sit med historiene byrjar å verte gamle. Difor er det viktig at dei innsamla historiene, og kulturarven, får moglegheit til å leve vidare. Ved å bruke spel som formidlingsform vil historiene nå ut til mange; både alle dei som er med på produksjonen og ikkje minst alle som kjem for å sjå.


#### Gjennomføring kulturelt formål

For å kunne ta vare på historia om Marikollen, må vi kunne ho. Gjennom arbeidet med spelet i 2022 vart det samla inn mykje materiale i form av protokollar, munnlege historier, avisartiklar, bilete og video. Dette la grunnlaget for manuset som vart skrivne. Etter premieren i 2022 og fram til no har det dukka opp enno fleire historier og meir materiale. Sjølv om vi skal bruke same manus som i 2022, ønskjer vi å inkorporere fleire nye element i historia for å auke både innhaldsverdien og kvaliteten i spelet. Dette er òg viktig for at publikum skal få glede av å sjå spelet på nytt, utan at det er ein rein kopi av det som vart vist i 2022.

På regi har vi Anett Hjelkrem, som òg var med i 2022. Anett er eit fyrverkeri av energi og entusiasme, med sin gode struktur og kreative idear har ho mykje av æra for at spelet vart ein suksess fyrste gongen. Vi gler oss veldig til å arbeide med ho igjen.

### Spelet i framtida

Eit viktig prinsipp i arbeidet med dette spelprosjektet i 2022 var å gjere spelet tilgjengeleg for ettertida. Det gjeld både organiseringa av Foreininga Spelet om Marikollen, som er gjort i den hensikt at det skal vere lett for nye å overta og vidareføre prosjektet, og rettar knytt til åndsverklova. Tekst og musikk er t.d. i liten grad knytt til royalties. Det er viktig for foreininga at det arbeidet som gjerast i denne omgangen òg skal kunne inspirere og engasjere til vidare utforsking av historiene rundt Marikollen, og at rammene for å setje opp spelet på nytt seinare skal vere enkle å halde seg til.



## Marknadsføring og framsyning

### Gjere oss synlege

Der førre oppsetting (2022) i stor grad fokuserte på å snakke med lokalsamfunnet og å nå ut til folk via sosiale media, vil vi no nytte oss av dei gode omtala vi har fått sidan sist og fokusere meir på medieomtala og annonsering. Billettsalet er i gang, så no er det berre å køyre på.

## Organisering

### Struktur

Dei fem frivillige som sit i styret i Foreininga Spelet om Marikollen fungerer som produksjonsteam for spelet, i samarbeid med produsent, regissør og musikkansvarleg. Foreininga er registrert i Frivilligregisteret. I tillegg er det tett samarbeid med dei involverte laga og organisasjonane i bygda. Da dette er andre runden vi skal setje opp spelet, er det heldigvis mindre nybrottsarbeid som skal gjerast, og vi er meir førebudd på oppgåvene som kjem.

### Framdriftsplan

Fram til no har arbeidet til foreininga gått ut på å definere prosjektet på nytt etter evalueringa etter 2022. Vi har landa avtalar med dei profesjonelle som er involverte, og er klare for å starte den praktiske gjennomføringa av produksjonen. Framover vil, i tillegg til å søkje om midlar, dette vere den overordna planen:

Mars:	Oppstart. Helgeøvingar med aktørane.
April:	Oppstart prosjektkor
Mars-juni:	Innsamling og produksjon av kostymer, rekvisittar og scenografi
	Song- og leseprøvar
Juli:	Intensiv prøveperiode frå slutten av juli
August:	Intensiv prøveperiode
	Premiere 10. august.
	Framsyning 11. august.

## Økonomi

Prosjektet med å lage eit spel om Marikollen handlar i fyrste omgang om å ta vare på historia vår gjennom å skape noko saman. Det er viktig at prosjektet har økonomi til å gå rundt, og at vi har midlar nok til å kunne skape noko av verdi, og noko alle som deltek og opplever kan vere stolte av. Det er ikkje eit mål i seg sjølv at prosjektet skal gå i overskot, då dette i utgangspunktet ikkje skal vere til økonomisk gevinst for nokon. Eit eventuelt overskot vil i så fall gå til å kunne setje opp spelet at seinare. Det viktigaste er at vi ikkje går med underskot. Det skal vi unngå ved å tilpasse prosjektet dei midlane vi får, og arbeide godt for å få dei midlane vi treng.

Vi erfarte gjennom arbeidet med spelet i 2022 at enkelte moglege sponsorar trekte seg, og at vi ikkje klarte å formidle godt nok kva moglege sponsorar vinn ved å støtte oss. Det lærte oss at vi måtte arbeide aktivt med å tilpasse produksjonen det budsjettet som til ei kvar tid var gjeldande og vere kreative i søknadsprosessen. Jo meir spons og stønad vi fekk, jo større kunne vi gjere prosjektet. Det same gjeld no, når vi til dømes har valt å sikte enno høgare på musikalsk kvalitet, som vert ei stor utgift for oss. Fokuset vårt vil alltid vere å ha ein open og inkluderande produksjon, med mål om eit resultat med god kunstnarisk kvalitet, utan å gå i underskot.

## Verdien av frivillig engasjement

Med rundt 150 frivillige involvert i produksjonen, anslår styret at alle dugnadstimar vil ha ein samla verdi på rundt 1,5 millionar kroner.

## Budsjett

Nøkkelpunkt	Kroner
Regissør	160 000
Musikalsk leiar	90 000
Skodespelar	60 000
Produsent	20 000
Manus	5 000
Musikk* 5,25% av billettinntekt	11 340*
Scenografi, kostymer og rekvisittar	50 000
Teknisk (lys/lyd)	100 000
Amfi	100 000
Mat/servering	10 000
Marknadsføring/trykk	40 000
Husleige, bompengar o.l.	30 000
Uføreutsette utgifter	10 000
<b>SUM</b>	<b>= 686 340</b>
Overskot frå produksjonen 2022	-60 000
Billettinntekt* *80% dekning, ¼ barnebillett	-216 000*
Tilskot frå Skaun kommune	-150 000
Øvrig sponsing/tilskot	-260 340
<b>Balanse</b>	<b>0</b>

Sist oppdatert 23. januar 2024